

Nordfjordeid

► Skule- og idrettsarena



Innleiing

Norconsult har på oppdrag frå Stad kommune gjennomført ein medverknadsprosess og ei moglegheitsstudie for sambruk og utvikling av skule- og idrettsområdet på Nordfjordeid.

1.1. Heilskapleg plan for utvikling

Ein utløysande faktor for utarbeidning av ei moglegheitsstudie er Stad kommune sitt behov for meir næringsareal på Nordfjordeid og Eid IL sitt behov for oppgradering av garderobe- og fotballfasilitetar.

Tomta der Eid stadion ligg er i nærleiken av eksisterande næringsareal og kan høve godt til utviding av næringsarealet. Eid stadion treng omfattande opprusting dersom fotballen skal halde fram med aktivitet her. I dag er fotballaktiviteten i Eid IL spreidd over tre stader; Malakoffparken, Eid stadion og Eid idrettspark. Fotballgruppa har utfordringar ved gjennomføring av arrangement og ynskjer å samle fotballaktiviteten til ein felles lokalitet. I tillegg til driftsfordeler ser dei sambruk og sosialt fellesskap som ein tydeleg gevinst ved å plassere ny fotballbane i skule- og idrettsområdet.

Eid IL er villige til å selje Eid stadion til kommunen dersom dei får byggje ei 9-arbane eller 7-arhall i skule- og idrettsområdet. Fotballgruppa etterlyser ein konklusjon frå kommunen, då dei meiner det er prekært å utbrette fasilitetane til fotballen. Idrettslaget ynskjer ei avklaring på om dei skal byggje nytt anlegg eller ruste opp Eid stadion.

Stad kommune ser at det er naudsynt med ein heilskapleg plan for utvikling av skule- og idrettsområdet. Kommunen jobbar for å bli ein komplett skulestad, for både born, ungdom og vaksne og inkludere kultur, idrett og frivillig sektor i eit heilskapleg opplærings- og utdanningsområde.

Koplinga mellom skule og kultur- og idrettstilbod er allereie ein av styrkane til Nordfjordeid, men det er eit ynskje om å styrke samarbeidet gjennom kompakte fleirfunksjonelle bygg. Med bygg og anlegg som kan nyttast både i skuletid, arbeidstid og fritid får ein også ei meir bærekraftig utnytting.

1.2. Medvernad

Stad kommune er opptekne av brukarmedvernad, at brukarane må få ta del i planleggingsprosessen. I arbeidet med moglegheitsstudien, og tidlegare fasar av arbeidet, er det lagt til rette for stor grad av medvernad.

Dette vart gjort i fleire omganger. Den første arbeidsverkstaden vart gjennomført med arbeidsgruppa for skule og idrett 29. november 2023. I utgangen av januar 2024 vart det halde arbeidsverkstad over to dagar for tilsette og elevar ved både barneskulen og ungdomsskulen.



Innhold

Innleiing	2	5. Medverknad	20
1.1. Heilskapleg plan for utvikling	2	5.1. Elevar og tilsette ved barneskulen	20
1.2. Medverknad	2	5.2. Elevar og tilsette ved barneskulen	21
1. Registrering	4	6. Trafikkavvikling og parkering	22
1.1. Skule- og idrettsområdet	4	6.1. Utfordringar	22
1.2. Skulane	5	6.2. Verkemiddel	22
1.3. Nordfjordeid skule uteomhus	6	6.3. Trafikkavvikling ved barneskulen	22
1.4. Eid skule uteomhus	8	6.4. Trafikkavvikling ved ungdomsskulen	23
1.5. Trafiksituasjon	10	6.5. Eksisterande vs. nytt uteområde	24
1.6. Idrettsanlegg	11	6.6. Eksisterande vs. ny parkeringssituasjon	24
1.7. Eid IL	11	7. Alternativ for plassering av 7-arhall/9-arbane.	25
2. Utviklingstrendar i idrett og aktivitet	12	7.1. Omsyn og faktorar	25
2.1. Utviklingstrendar	12	7.2. Vurdering	25
3. Korleis skape eit attraktiv skule- og idrettsanlegg	13	7.3. Tilråding	25
3.1. Suksessfaktorar ved utforming av uteområde til skular	13	8. Tilrådd konsept	26
3.2. Faktorar for gode opplevelingar	14	8.1. Oppsummering og tilråding	26
3.3. Ulike preferansar mellom kjønn	15	9. Bakgrunnsstoff	28
3.4. Roleg aktivitet og opphald	16	9.1. Anlegg å sjå til	28
4. Anleggstypar og lokal forankring	17	9.2. Vidare lesing	28
4.1. Ordinære idrettsanlegg	17		
4.2. Nærmiljøanlegg	17		
4.3. FriFot-anlegg	18		
4.4. Nyskapande aktivitetsarenaer	18		
4.5. Fotballbaner	19		

1. Registrering

1.1. Skule- og idrettsområdet

Skule- og idrettsområdet inneholder eit mangfold av funksjonar og aktivitetar, i tillegg er det mange funksjonar i nærliggande område som har tematisk tilknyting til området.

I dei neste delkapitla vert skule- og idrettsområdet skildra ytterlegare.



1.2. Skulane

Nordfjordeid skule

Nordfjordeid skule er den største av barneskulane i Stad kommune. Skulen har om lag 310 elevar fordelt på 1.-7. trinn. Nordfjordeid skule er ein fleirkulturell skule med om lag 70 elevar med anna morsmål enn norsk.

Det er om lag 60 tilsette på skulen og SFO. SFO har om lag 90 born.

Skulen legg vekt på at skuledagen skal vera variert, og har fysisk aktiv læring og tilpassa opplæring som satsingsområde.

[https://stad.kommune.no/tenester/sku-
le-og-barnehage/skule-og-opplaring/skulane-
i-stad/grunnskule/nordfjordeid-skule/](https://stad.kommune.no/tenester/sku-le-og-barnehage/skule-og-opplaring/skulane-i-stad/grunnskule/nordfjordeid-skule/)

Utviklingsbehov og moglegheiter

Stad kommune fekk i 2021 utarbeida ein strategi for "Skulestaden Nordfjordeid". Her kjem det fram at skulen treng meir attraktive bygg og uteareal, og må oppretthalde og vidareutvikle dagens uteareal.



Foto: Stad kommune

Eid ungdomsskule

Skulen har om lag 264 elevar og i overkant av 40 tilsette. Elevane på skulen kjem frå barneskulane Bryggja skule, Kjølsdal Montessoriskule, Stårheim skule, Haugen skule, Nordfjordeid skule og Hjelle skule.

Skulen har som mål at elevar og lærarar skal ha ei kjensle av at dei har fått brukt evnene sine på ein god måte gjennom skuledagen. I tillegg har skulen ei målsetjing om å gi elevane dugleikar, kompetanse og haldningar som kan vare livet ut og gjer dei i stand til å takele eit samfunn i rask endring.

[https://stad.kommune.no/tenester/sku-
le-og-barnehage/skule-og-opplaring/skulane-
i-stad/grunnskule/eid-ungdomsskule/informas-
jon-om-skulen/](https://stad.kommune.no/tenester/sku-
le-og-barnehage/skule-og-opplaring/skulane-
i-stad/grunnskule/eid-ungdomsskule/informas-
jon-om-skulen/)

Utviklingsbehov og moglegheiter

I strategidokumentet er det poengert at ungdomsskulen har for lite undervisningsareal/bygningsmasse og at dei generelt bør ha meir samarbeid med Eid vgs.




Foto: Johanne Broch Hauge


1.3. Nordfjordeid skule utomhus

Uteområdet til barneskulen er i stor grad prega av slitasje og harde flater.

Nokre område er nokså trekkfulle og kalde, men bygningsmassen gir også mange fine lune krokar.

Sjå nærmere skildring på neste side.





Ballbinge for småskulen. Lite funksjonell og i dårlig stand.



Disse på oppsida av 1.-klassen sitt bygg.



Sand og grus med moglegheiter for variert bruk.



Sentrum av skulegarden til småskulen er prega av harde, monotone flater.



Klatrestativ i sentrum av barneskulen, nokså nytt. Her er det moglegheiter for mange born samtidig og det er mange moglegheiter for både aktiv og roleg aktivitet.



Ballbinge for storskulen, i god stand.



Harde flater i sentrum av barneskuleområdet.



Kjøkenhagen er under etablering og er eit friskt innslag i skuleområdet.

1.4. Eid skule utomhus

Uteområdet til ungdomsskulen er i endå større grad enn barneskulen prega av slitasje og harde flater. Området er nokså oppstykka. Det er fin utsikt frå skuleplassen, både nedover mot fjorden og for publikumarar ned til fotballbana

Sjå nærmere skildring på neste side.





Skuleplass med store harde flater og basketballstativ.



Opphold og aktivitet under tak.



Ballbinge og steinamfi. Lite funksjonelt dekke i binga.



Naturområde med potensiale. Her er det planar for utvikling.




Bygg i tilknyting til skuleplassen, i svært dårlig stand og pregar opplevelingen av området. Bygget skaper også ei barriere mellom sentrum av skuleplassen og aktivitetsområdet lenger vest.



Aktivitetsområde, prega av slitasje. Området er litt i bavevja for resten av skuleplassen, samstundes er området veldig ope og trekkfult.



Bratte skråningar prega av slitasje frå vatn og trakk.



Skateparken fungerer ikkje, mose og grønske gjer den glatt. utforming og grønske gjer den ligg for seg sjølv, og opplevast ikkje som ein del av idrettsanlegget elles, og har ikkje noko særleg funksjon som sosialt område.

1.5. Trafikksituasjon

Trafikkavviklinga er kaotisk ved skulestart og -slutt. I hovudsak er det foreldrekjøring som skaper den uoversiktlege og trafikkfarlege trafikksituasjonen.

Allereie 15 minutt før skuleslutt byrjar privatbilane å stille seg opp, for å få plass nærmast mogleg skulen når dei skal hente elevar.

Privatbilar stoppar også på feil side av vegen for å sleppe av skuleborn.

Born som kjem gåande må krysse vegen mellom bilar og bussar for å deretter trokla seg gjennom overfylte parkeringsplassar.



1.6. Idrettsanlegg

I dag inneholder prosjektområdet Eid idrettshus med symjehall med 25-metersbasseng og idrettshall med handballbane, Eld idrettspark med 11-ar fotballbane med undervarme og fleir brukshallen Eidahallen. På dagtid vert Idrettsanlegga nytta av skulane, på kveldstid av idrettslaget på Nordfjordeid og dei nærmeste bygdene.

1.7. Eid IL

Eid IL har idrettsanlegg spreidd over fleire lokalitetar; ved skulen og fleire stader i sentrum.

Fotballgruppa står for den største delen av aktiviteten i idrettslaget.

Eid idrettshus



Foto: Fjordenes Tidende

Eid idrettspark



Foto: Eid IL



Foto: Stad kommune

Eidahallen, fleir brukshall



Foto: Siri Kolseth, Fjordenes Tidende



Foto: Eid IL

2. Utviklingstrendar i idrett og aktivitet

Utviklingstrendar viser nye fritidsvanar og ulik deltaking i fritidsaktivitetar. Mange unge sluttar med organisert idrett i ungdomsåra, og berre halvparten av 15-åringane er aktive nok (Handlingsplan for fysisk aktivitet). I tillegg rapporterer fleire om aukande grad av einsemd og psykiske utfordringar.

2.1. Utviklingstrendar

Fråfall

Heile ni av ti born deltek i organisert idrett i laupet av oppveksten, men gjennom ungdomstida ser ein eit aukande fråfall. Fråfallet er særskilt stort ved overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule.

Fråfallet i den norske idretten indikerer at flere unge går over til eigenorganiserte aktivitetar i staden for deltaking i ordinær, organisert idrett. Dersom ein ser på tal gjennomførte treningsøkter finn ein mest aktivitet innanfor den organiserte idretten, men berre 47% av ungdomane deltek i idrettslag medan vel 60% trenar på eigahand.

Årsakar


Norske studiar viser at krav til prestasjoner gjer at det ikkje er morosamt lenger og interesseendring er vanleg grunngjeving for å slutte i organisert idrett. Gutar held generelt på med organisert idrett lenger enn jenter.

"Stayer vs. quitter"

I tillegg til skilnadar i alder og kjønn ser ein skilnadar mellom ulike samfunnslag. Sosioøkonomisk status har stor tyding for om ungdomar deltek i organisert idrett. Ein studie basert på Ungdata (nasjonalt granskingsprogram) viser at det er dobbelt så mange ungdomar frå høgare sosiale lag som deltek i organisert idrett samanlikna med ungdom som veks opp med færre ressursar heime. Denne skilnaden vert sett i samanheng med endringar i organisering av idretten: auka profesionalisering, auka kostnadar og aukande krav til foreldreinvolvering.

Stimulere til aktivitet

Ved å legge til rette for gratis, eigenorganisert aktivitet kan ein stimulere til auka aktivitet hjå den største prosentandelen av ungdomane. Anlegg som rettar seg mot den minst aktive delen av befolkninga vil vera avgjerande for å auke det generelle aktivitetsnivået samfunnet.



- <https://tverga.no/fra-idrettsetat-til-etat-aktive-liv/>
- <https://tverga.no/tvergas-kommunetips-for-aktivetsvennlige-naermiljoer/>
- NOVA Rapport 2/2019
- (Seippel, 2005; Ødegård, Bakken & Strandbu, 2016).

3. Korleis skape eit attraktiv skule- og idrettsanlegg

Ei rekke faktorar medverkar til anlegget sin kvalitet og attraktivitet. Ein må vite kven brukarane er/skal vera og kva som appellerer til nettopp desse gruppene. I tillegg til å sjå på hovudformålet eller hovudaktiviteten i eit anlegg må ein ta omsyn til dei viktige mellomromma. Tilstrekkeleg med areal til gode rom mellom ulike aktivitetar, i lag med mangfold, variasjon og fleksibilitet, er nøkkelen til stor aktivitet og liv i eit skule- og idrettsanlegg.

3.1. Suksessfaktorar ved utforming av uteområde til skular

Forsking på uteområde i skule og barnehage

NMBU publiserte i 2019 ein rapport som tek føre seg korleis ein kan oppnå god kvalitet i utforminga av uteområde i barnehagar og skular og peiker på kvifor det er så viktig med gode uteområde.

Opphald i skule og barnehage utgjer ein stor del av kvardagslivet til borna, og er ein viktig arena for fysisk aktivitet og motorisk utvikling.

Suksessfaktorar

Følgjande punkt er henta frå rapporten og er ei opplisting av suksessfaktorar for god kvalitet på uteområde.

- Lokalisering som gjer anlegget tilgjengeleg for lokalbefolkinga.
- Bygningar på området er plassert slik at det sikrar eit mest mogleg samla uteområde.
- Tilkomst og parkering et ikkje av elevane/borna sine bruksareal.
- Utforming av bygningsmassen gir godt lokalklima og skjermar mot støy.
- Den overordna formgjevinga gir god sone- og rominndeling utomhus.
- Utnytte og ta vare på naturkvalitetar.
- Leggi til rette for variert innhald med tilstrekkeleg tal funksjonar tilpassa alle, uavhengig av kjønn og alder.
- Tilgjenge for alle.

Tilrådingar for innhald

Rapporten har også anbefalingar kring innhald i uteområde for skular.

- Trafikksikre omgjevnadar i ein radius på minimum 200 meter frå skulen. Dette kan gjerast ved å redusere tal parkeringsplassar, betre tilgjenge for syklistar og fotgiengarar.
- Naturelement og terregn er viktig for ei rekke funksjonar, mellom anna leik og fysisk aktivitet, særleg viktig er det for sosiale møteplassar.
- Variert innhald tilpassa ulike aldrar og funksjonsnivå.
- Sosiale møteplassar for både store og mindre grupper, men det er også viktig med soner der ein kan trekke seg attende og kjenne seg trygg åleine.
- Unngå store flater som kan nyttast til få aktivitetar; monofunksjonelle flater.
- Mellomstore, fleksible soner med gode koplingar med kvarandre.



2019
ISBN: 978-82-575-1659-8

Uteområder i barnehager og skoler

Hvordan sikre kvalitet i utforminga.



Thorén K.H.
Nordbo E.C.A.
Nordh H.
Ottesen I. O.

Fakultet for landskap og samfunn

3.2. Faktorar for gode opplevingar

I 2022 vart det gjennomført ei undersøking i Danmark der dei såg på tydinga av fasilitetar og kvalitetar for unge si deltaking i idrett. Gjennomsnittleg alder på respondentane var 15 år. Undersøkinga viser at ungdomane utøver idrett sjølv om dei ikkje er nøgde med kvalitetane og fasilitetane og at opplevinga er langt betre i anlegg der desse er gode.

Fem punkt vart trekt fram som særleg viktige for gode opplevingar:

1. Hygge og møte med vener. Lagkameratar er den viktigaste faktoren ved deira aktivitet og møter gjerne før trening for å vera sosiale.
2. Anlegget fungerer som møtestad.

3. Moglegheit for møte og opphold er viktig då idrettsanlegget fungerer som møtestad for dei unge. Både formelle, til dømes garderobe og kafé, og uformelle møtestadar, til dømes tribunar og "henge på gjerdet", er rammer som aukar trivsel og samhaldskjensle.

4. "Liv" både i og omkring anlegget og sosiale møtestadar. Moglegheit for aktivitetar i samband med møtestadane, til dømes bordtennis.

5. Medverknadsprosess. Dei unge aksepterer dei vilkåra som anlegget gir, men har både haldningar og meininger kring korleis anlegget kan fungere betre for dei.



022. Toft, Niels Mathias og Hougaard, Stephanie Y. M. Faciliteters betydning for unges idrætsdeltaelse og oplevelser i idrætten. Center for Ungdomsstudier

3.3. Ulike preferansar mellom kjønn

I forsking og planlegging vert det lagt stadig meir vekt på innhald tilpassa jenter i uteanlegg. Gutar føretrekk gjerne konkurranseprega aktivitetar, medan jenter i større grad er opptekne av det sosiale.

For at jenter skal trivast, er det fleire kriterie som må oppfyllast. Mellom anna er det viktig at dei får ei kjensle av tryggleik, til dømes ved bruk av sosiale soner med skjerm i ryggen og oversikt over området, at dei kan veksle mellom å delta i ein aktivitet og enkelt trekkje seg tilbake til ei sosial sone og observere aktiviteten. For jentene er det sosiale rundt ein aktivitet som oftast like viktig som sjølve aktiviteten som vert utført, dette understrekar behovet for sosiale soner i og mellom aktivitetssoner.

Ballbaner og skateanlegg appellerer først og fremst til gutar. Jenter føretrekk aktivitetar som fordrar til kroppsleg bevegelse, eiga utføring, progresjon, balanse, leik, fleksibilitet og kreativitet.

Dei typiske jetedominerte aktivitetane har ikkje noko spesiell oppmerking eller utforming, og representerer soleis motsvaret til vinkelrette baner på rad og rekke. Jenter føretrekk runde og organiske former, former og fargar i dekket, lys og andre installasjonar.

Aktivitetar som buldring, parkour/trening, trampolinar og balanseelement som slack-line, gummikuler, supernova eller liknande appellerer gjerne til jenter. Aktivitetsområda bør gi moglegheit for både rolege og meir intensive aktivitetar.

Uteområde som er utforma etter desse kriteria vert fleksible område utan noko bestemt brukarrettleiing eller reglar, og slik eit anlegg for alle.



3.4. Roleg aktivitet og opphold

Mingling under tak er attraktivt, det gir ly for ver og vind og er ein sosial samlingsstad.

Dei fleste brukargruppene har kome med ynskje om ei mingle- og opphaldssone under tak. Det bør vera fleire slike soner, slik at ulike brukarar i ulike aldrar kjenner seg velkomne og trygge.

Takoverbygg tilrettelagt for roleg aktivitet kan innehalde utstyr som er festa i taket, til dømes dei populære fuglereirhuskene, hengekøyter og armringar/armgang, og uformelle sitjeplassar for dei som ynskjer å koma seg vekk frå dei meir støyande aktivitetane.

Inn mot sørvende fasadar (både reiskapshus, bodar, tribunar mm.) kan det vera rolege oppholds- og aktivitetssoner, delvis under tak. Her kan ein ha langbord og benkar som kan fungere som både samlingsstad under til dømes fotballturnering, studiesoner og lunsjpass. I tilknyting til desse kan det også vera utandørs sjakk og andre rolegare aktivitetstilbod.



4. Anleggstypar og lokal forankring

Val av type anlegg og innhald må sjåast i lys av behovskartlegging, arealtilhøve, brukarmedverknad og utviklingstrendar.

4.1. Ordinære idrettsanlegg

Ordinære idrettsanlegg er anlegg som i hovudsak er knytt til konkurranse og trening for organisert idrett. Tekniske mål og konkuranseregler for dei særskilte idrettane er utgangspunktet for utforming av anlegget. I hovudsak må ordinære idrettsanlegg vera utforma slik at dei kan nyttast til utvikling av konkurransar innan den gitte aktiviteten.

Det har ikkje kome fram ynskje om eit ordinært friidrettsanlegg for konkurranse i laupet av medverknadsprosessen.

Lokal forankring

Idrettslaget jobbar for å utvide anlegget med ei 9-arbane utandørs eller ein 7-arhall for fotball, og ytrar at realisering av eit av desse alternativa er ein premiss for å selje Eid Stadion til kommunen.

Det er berre ei mogleg lokalisering for 9-arbane innanfor prosjektområdet, dette arealet ligg på sørssida av barneskulen.

Leiinga og lærarane på barneskulen er negative til etablering av ei 9-arbane innanfor deira skuleområde. Skulen har allereie mange ballflater og ei 9-arbane vil leggje beslag på store deler av utomhusområdet deira.

Ungdomsskulen har ingen innvendingar til ei slik plassering av 9-arbana.



4.2. Nærmiljøanlegg

Nærmiljøanlegg er eit utandørsanlegg som ikkje er særskilt tilrettelagt for konkurranseidrett, men i hovudsak berekna for eigenorganisert fysisk aktivitet. Barn og unge i alderen 6-19 år er hovudmålgruppa for anlegga, men det skal vera tilgjengeleg for alle.

Anlegga skal ligge i område der folk bur og/eller oppheld seg, gjerne i samanheng med skular. Utradisjonelle anlegg som også kan serve utøving og utvikling av ferdigheter innan ordinære idrettar

Mykje tyder på at fysisk aktivitet i skuletida har klar effekt på både elevane si fysiske og psykiske helse. Dessutan legg læreplanen frå 2020, "fagfornyinga", meir vekt på ulike rørsleaktivitetar og leik i kroppsøving, enn tidlegare.

Nærmiljøanlegga er mindre areal- og kostnadskrevjande; mykje aktivitet per krone. Eit nærmiljø er betre tilpassa aktivitet i samband med skule- og undervisningskvardag.

Lokal forankring

Leiinga på barneskulen er meir positive til eit nærmiljøanlegg på utomhusområdet enn ei 9-arbane, og ser at eit slikt anlegg kan tilby ein variasjon av aktivitetar. Likevel er ikkje dette eit anlegg dei helst vil utbetre skuleområdet med, då dei er opptekne av å ta vare på mest mogleg areal med terregenvariasjonar og innslag av natur.

Eid IL ytrar at eit nærmiljøanlegg ikkje vil tilfredsstille deira behov.



Bakkedalen Park og Idrettsanlegg. Ullensaker kommune.



Levanger ungdomsskule

- Landskonferansen 2022, Bad, park og anlegg. Kjersti Smedsrød, breiddesjef i Noregs friidrettsforbund.
- <https://tverga.no/veileder/en-morsom-omvei/prosessveileder/tvergas-suksessoppskrift/>

4.3. FriFot-anlegg

FriFot-anlegg er ei materialisering av eit samarbeid mellom Noregs fotballforbund og Noregs friidrettsforbund, til det beste for born og unge. Eit FriFot-anlegg er ein slags utandørs gymsal og kan til dømes vera samansett av ei kunstgrasbane og ei lita rundbane på 200 meter. Anlegget skal vera arena for eigenorganisert leik og fysisk aktivitet både i skule- og fritida.

I fotballen har det lenge vore praktisert med mindre baner for barn og unge. 3-arbaner med vant er blitt standard for dei aller yngste. Desse banene medverkar til høgare aktivitet per deltakar og auka meistringskjensle. Dette kan samanliknast

med mindre rundbaner i friidretten. Borna tel mål når dei spelar fotball og rundar når dei spring rundt bana. Ei rundbane på 200 meter vil vera meir motiverande enn ei 400-meterbane.

FriFot-anlegg kvalifiserer til spelemiddelstøtte.

Lokal forankring

Til liks med nærmiljøanlegget innfrir ikkje dette anlegget Eid IL sine ynskje. Barneskulen ynskjer heller ikkje eit slikt anlegg på skuleområdet, men ser seg betre tente med eit FriFot-anlegg ein ei ordinær 9-arbane med kunstgras.



- Landskonferansen 2022, Bad, park og anlegg. Kjersti Smedsrød, breiddesjef i Noregs friidrettsforbund.

4.4. Nyskapande aktivitetsarenaer


Vestland fylkeskommune sitt prosjekt "Nyskapande aktivitetsarenaar" tek utgangspunkt i lokalmiljøa sine behov innan idrett og fysisk aktivitet. Desse anlegga skal ha arkitektur av høg standard og fungere som naturlege samlingsstadar i lokalsamfunnet, gjerne i tilknyting til skular. Anlegga skal vera nyskapande i funksjon, organisering og aktivitetar.

Lokal forankring

Både elevar og lærarar ved barne- og ungdomsskulen ynskjer ei generell oppgradering og eit større mangfold i aktivitetsmoglegheiter. Anlegg/delanlegg med inspirasjon frå "Nyskapande aktivitetsarenaar" vil vera kjærkome.



- <https://tverga.no/veileder/en-morsom-om-vei/prosessveileder/tvergas-suksesoppskrift/>



Illustrasjon: Pir2 og LOCAL. Skakkeringen, Etne ungdomsskule. Nyskapande aktivt uteområde.

4.5. Fotballbaner


Ulike storleikar på speleflate

Storlek på speleflate varierer med alder og serietype.


Aldersklasser 12 år og yngre – spill på små baner

	6 – 7 år	8 – 9 år	10 – 11 år	12 år
Spillform (primær)	3 mot 3	5 mot 5	7 mot 7	9 mot 9
Spillform (sekundær)	-	3 mot 3	5 mot 5	5 mot 5 7 mot 7
Banestørrelse	10 x 15 m	20 x 30 m	30 x 50 m	40 – 50 x 58 – 64m
Baneunderlag	Grus, kunstgress, naturgress eller hybrid av kunst- og naturgress			


<https://www.fotball.no/lov-og-reglement/spilleregler/spilleregler-og-retningslinjer-barnefotball-6-12ar/#191420>




Treffotball,
under 7 år,
10 x 15 meter



Femmerfotball,
7–10 år,
20 x 30 meter




Nierfotball
13–14 år,
40–50 x 60–72 meter



Sjuerfotball,
11–12 år,
30 x 50 meter



Ellevorfotball, fra 15 år,
60–68 x 100–105 meter



19 meter



<https://www.fotball.no/lov-og-reglement/spilleregler/spilleregler-og-retningslinjer-barnefotball-6-12ar/#Toppen>

Lokal forankring

Fotballgruppa vil ha ønskjer at fotballbanene i idrettsparken skal ha standardmål som gir mogleghet til å gjennomføre fotballkamper på breiddennivå, i ulike aldersklassar. Banene må plasserast slik at det gir sambruksfordeler, både mellom banene og anlegget elles.

Eid IL set realisering av 9-arbane utandørs eller 7-arhall som premiss for å selje Eid Stadion til kommunen.


5. Medverknad

5.1. Elevar og tilsette ved barneskulen

Elevane ved barneskulen var opptekne av at uteområdet måtte bli betre, og hadde mange tankar om korleis. Det var gjennomgående at dei i stor grad var nøgde med kva uteområdet hadde å tilby, men det var generelt i altfor dårleg stand. Småskulen hadde sterke ønske om ei betre ballbinge, fleire disser, betre sandkasse, påfyll med leiker og tiltak for å unngå at det vart så gjørmete.

Under observasjon og synfaring vart det registrert at området til småskulen var det mest trekfullle området og det var ikkje gode stadar for å trekke seg attende og observere.

Elevane i storskulen var veldig nøgde med ballbingane sine, men skulle gjerne hatt gode ballflater tilpassa andre ballaktivitetar enn fotball, til dømes



Barna sette hjarte ved område og funksjonar dei likte spesielt godt og stjerne ved det dei likte godt. I tillegg skulle dei setje eit fjes på for å vise kor godt nøgde, eller ikkje nøgde, dei var med dette. Til dømes er ballbinga til småskulen godt likt av elevane der, men dei er ikkje nøgde med tilstanden.

basketball. Det var generelt utfordingar med at ballane for av garde, dei ønska difor ei form for avgrensing kring ballflata.

Dei elevane som ikkje var så glade i ballaktivitetar var mindre nøgde med skulegarden, då dei sakna tilbod som appellerte til dei. Sykkelenbane stod høgt på ønskelista for desse, og viste korleis ei sykkelenbane kunne sno seg gjennom skuleplassen i variert terreng med morosame svingar og hopp.

Sitjeområda under tak på nedsida av skulen er populære, også utanfor skuletid.

Nokre område, til dømes nokre krokar kring Eidahallen vert opplevd som litt skumle, her føregår det litt erting og rampestrekar.



Elevrådet har, på vegne av alle elevane ved skulen, skrive brev til ordføraren om den dårlege tilstanden på uteområdet til småskulen vert veldig gjørmet når det er vått og avgrensar leik. Dei yngste borna kan tykke det er kjekt med gjørma, men omfanget er altfor stort.



I småskulen er det mange som likar seg godt i ballbinga, men dei opplever problem med at den har dårleg utforming og i tillegg er i svært dårleg stand.



Klatreapparatet på småskulen sitt uteområde er godt likt, mange likar å leike her og har ein form for "sistene" som favoritt. Elevar ved storskulen ynskjer seg noko liknande, tilpassa deira alder.



Både lærarar og elevar peikar på at uteområdet til småskulen vert veldig gjørmet når det er vått og avgrensar leik. Dei yngste borna kan tykke det er kjekt med gjørma, men omfanget er altfor stort.



I dette området ser nokre føre seg det kan vera del av ei sykelløype.



I "grisehola" leikar ungane seg med gjørme. Her held dei på i mindre grupper og har det moro med å vera kreative saman.



Sandkassen har dårleg sand og er keisam. Det er ønske om ny, mjuk sand som eignar seg for leik og bygging. I tillegg er det behov for fleire leiker til sandkassen, og gjerne element som kan gjera opphold her meir spanande.



Akebakken er populær om vinteren. Det er ønske om at den kan vera del av ei sykelløype sommarhalvåret. Lærarane trekker fram at området er viktig å ta vare på, då det er eitt av få område med terrengvariasjonar.



Ballbinga på storskulen er populær. Den andre ballbinga deira er også populær, og kanskje endå betre likt då det er, mellom anna, disser å henge på like i nærlieken. Elevane ynskjer seg fleire disser og hengesoner.

5.2. Elevar og tilsette ved barneskulen

Elevane på ungdomsskulen var ikkje like opptekne av uteområdet som barneskulelevane, og var som regel ikkje ute i friminutta. Lærarane kunne fortelje at mange elevar ikkje hadde verken på seg eller med seg yttertøy, uansett årstid. Elevar som tok skulebuss eller vart køyrde kom gjerne i sandalar og genser, heile året. I friminutta kan elevane fritt velje om dei vil vera inne eller ute, berre i sommarhalvåret er det eit krav at elevane skal vera utandørs siste friminutt.

Ungdomsskulelærarane var ærlege på at dei ikkje hadde så mykje undervising utandørs og at dei burde gjort det meir, dessutan tykte dei det var krevjande å få med seg ungdommane ut.

Dersom elevane var ute likte dei å sitje ved borda under tak, dette var også ein populær plass om kveldane. Elevane opplevde ofte at det etter helgane kunne vera ein del bos og glasbrot kring borda.

Ungdomane ville gjerne ha trivelege sitjeområde ute, som kunne gi le for vind og ver, og skugge på varme somardagar. I tillegg ynskjer dei sitjeplassar ute i sola. Komfort og sosiale soner er eit gjennomgående tema.

Dei yngste elevane på ungdomsskulen hadde nokre fleire kommentarar til uteområda, dei sakna noko å gjera på og det vesle som er der var i dårleg stand.


Skateparken nede ved fotballbana var glatt og dårleg og fotballbingen var håplaus å bruke når det var vått. 11-arbana i idrettsparken var ikkje eit fullgodt alternativ til ballbingen, den store bana ikkje var så eigna til småspel i friminutta, dei sakna vant eller veggar.



Eit av svara frå medverknadsarbeid frå elevar ved ungdomsskulen. Stjernene viser område eller funksjonar dei likar godt. Tala viser til tekst der dei skildrar kva som er bra/dårleg. Skissa er nokså representativ for dei samla innspela frå ungdomsskulen. Punkt 1 er forslag om fleire benkar plassert i sola. Punkt 4 viser ynskje om kryssing til Kiwi, punkt 6 er forslag til plassering av skyss- og hentsone. Volleyballbana er godt likt, stjerne 2, her ynskjer elevane vasspost for å skylle føtene. Fotballbana, idrettsparken, er også stjernemerka. I hovudsak gjel det bruk på fritida, då dei tykkjer friminutta er for korte til spel på bana.



Skateparken er dårleg, glatt og liten.



Ynskjer nye basketballkorger- og stativ, gjerne ny plassering eller avgrensing av bana for at ballane ikkje skal forsvinne ut av "bana" heile tiden.



Bord under tak er bra. Desse er populære, men det oppstår grupperingar som gjer at ikkje alle elevar kjenner seg like velkomne.



Kjekt med ballbinge, men den fungerer dårlig når det er vått, då vert den veldig glatt. Dekket skal tole at ein har skøytebane der om vinteren, men det manglar nokre element for at det skal vera mogleg. Det er også ynskje om høgare nett, då ballane ofte forsvinn ut av binga.



Kjekt med disser, funkar bra for henging og sosial, roleg aktivitet. Ynskjer fleire disser og gjerne andre sitjeplassar, til dømes hengekøyer.



Kjekt å sjå på fotballkamper, men dårleg lagt til rette for det. Ynskjer tribune og ein god snarveg som fører ned til bana og idrettshuset.

6. Trafikkavvikling og parkering

6.1. Utfordringar

I dag er det store utfordringar knytt til dei trafikale tilhøva, som skildra i kapittel 2. I hovudsak oppstår desse utfordringane på grunn av stor grad av privat skyss til og frå skulen, i tillegg vert skulevegen brukt som gjennomfartsveg.

6.2. Verkemiddel

For å få bukt med utfordringane må bussar og privattransport i større grad skiljast og det må bli betre skyssløsingar for privattrafikk i utkanten av skule- og idrettsområdet. Samstundes må løysinga tilfredsstille tilgjenge for utrykkingskøyrety, varelevering og HC-parkering.

Det bør bli meir attraktivt å velje sykkel som transportmiddel. God sykkelparkering for elevar og lærarar, gjerne med lademoglegheiter og betre tilgjenge med sykkel enn bil, fremjar sykkelbruk. Auka bruk av sykkel reduserer behovet for areal til skyss og parkering.

Dei tilsette ved ungdomsskulen seier sjølv at dei kan parkere ved idrettshuset, i staden for oppe ved sjølve skulen. Slik kan dagens parkeringsareal nyttast til mellom anna ny hall og uteaktivitet. Endringsviljen var noko mindre hjå dei tilsette på barneskulen, men dei ser behovet for å betre dei trafikale tilhøva.

6.3. Trafikkavvikling ved barneskulen


Skuleskyss til barneskulen er hovudsakleg 1-2 bussar og eventuelt nokre taxiar, elles går og syklar borna sjølv eller vert køyrde. Lærarane ytra stort bekymring for dei yngste borna dersom det vert langt å gå mellom parkering/skuleskyss og skulen. Borna som går på SFO vert ofte følgde heilt til døra av sine føresette, noko som genererer ein del trafikk.

I den skisserte løysinga, sjå teikning 1 og 2 til høgre, er det lagt opp til at berre skulebussar og -taxiar, samt varelevering og dei som skal nytte HC-parkering, kan køyre heilt bort til barneskulen. Langs Fossevegen er det allereie stopplomme for privatskyss på vestsida av vegen, med ei lomme på andre sida av vegen også får ein ei tryggare skyssløsing her. Borna kan gå til og frå skulen på stikkvegen inn mot folkehøgskulen.

Det er føreslede eiløysing for privatskyss ved ungdomsskulen, denne vil vera aktuell å nytte for dei som skal til barneskulen også.

Tilsette ved skulen kan mellom anna parkere på ein av 34 parkeringsplassar ved folkehøgskulen.

Ved større arrangement, utanfor ordinær arbeidstid, er det mange parkeringsplassar tilgjengeleg i nærområdet.



Teikning: Skisse 1 og 2 ovanfor er utklypp frå teikning L-10-002, trafikk

6.4. Trafikkavvikling ved ungdomsskulen

Elevane på ungdomsskulen kjem frå eit større geografisk område enn elevane ved barneskulen og har difor eit større antal elevar som kjem med skulebuss.

Skuleskyssen er felles for ungdomsskulen og Eid vgs., i lag med store geografisk utstrekking fører dette til fleire bussar tilknytt ungdomsskulen enn barneskulen.

Elevane ved ungdomsskulen kan handtere større avstand mellom busstopp og skule enn elevane ved barneskulen. Ei skyssløysing nede ved idrettshuset vil redusere trafikken i skulevegen monaleg.


Som vist på skisse 3 er det tilstrekkeleg areal ved idrettshuset til både parkering, av- og påstigning for privatskyss og skuleskyss. I dag kører skulebussen heilt opp til både Eid vgs. og ungdomsskulen, ein skuleskyssstopp nede ved idrettshuset ligg om lag midt mellom dei to skulane og kan vera felles for desse.

I tillegg til løysing for bussane er det plass til over 60 parkeringsplassar ved idrettshuset. Strekningen mellom parkeringa og ungdomsskulen er den same som lærarane forventar at elevane skal gå til symjing eller gymnastikk i idrettshuset.

Dei tilsette ved Eid ungdomsskule ser at dei i større grad bør nytte sykkel og gange til jobb. I dag står parkeringa ved idrettshuset stort sett tom i arbeidstida.

Dersom haldeplass for skulebuss vert lagt til trafikkarealet ved idrettshuset kan det leggjast til rette for både parkering og privatskyss oppe ved skulen, i tillegg til varelevering og HC-parkering. Sjå skisse 4. Den skisserte løysinga gir ei trygg løysing for skulebarna og plass til 29 parkeringsplassar, inkludert to parkeringsplassar for HC.


I tillegg til god trafikkavvikling i samband med skulekvarden vil denne løysinga også serve idrettsanlegget på ein god og effektiv måte.




Teikning: Skisse 3 og 4 ovanfor er utklypp frå teikning L-10-002, trafikk

6.5. Eksisterande vs. nytt uteområde

11 180 m² ved ungdomsskulen og 14 960m² ved barneskulen, 26 140 m² til saman.



I ny situasjon vert området sett på i heilskap, og utgjer til saman 31 570 m² tilgjengeleg utomhusareal.




6.6. Eksisterande vs. ny parkeringsituasjon


Arealbruk parkering i 300 og 500 meter radius fra skulane. Eksisterende situasjon




Arealbruk parkering i 300 og 500 meter radius fra skulane. Ny situasjon



Tal parkeringar, ny situasjon vest



Tal parkeringar, ny situasjon aust



7. Alternativ for plassering av 7-arhall/9-arbane.

7.1. Omsyn og faktorar

Plassering av speleflate må sjåast i samanheng med anlegget elles og korleis det passar inn i funksjonane skule- og idrettsområdet skal tilfredsstille.

Det må vera gode ganglinjer innad i området mellom dei ulike funksjonane. Uteområda må vera av god kvalitet med gode soltilhøve, skjerming for ver og vind, terrengrulnadar og universell utforming.

Avstand til fellesfunksjonar som garderobe, toalett og lager, samt økonomi, må også vurderast. Dei rosa, nummererte firkantane i teikninga til høgre representerer 7-arhall eller 9-arbane.

7.2. Vurdering

1. 7-arhall ved ungdomsskulen, delvis under bakken.

Denne løysinga kan gi ungdomsskulen, som har veldig lite uteomhusareal i dag, uteoppfaldsareal på taket og kople saman uteområdet ved ungdomsskulen og nede ved eksisterande fotballbane.

Denne løysinga vart forkasta på grunn av økonomi. Eit bygg konstruert for opphold på taket er monaleg dyrare enn eit bygg med vanleg takkonstruksjon, sjølv om taket skal vera flatt uansett. I tillegg vil det truleg vera naudsynt med køyring på gangvegen for tilkomst med bil, med tanke på mellom anna varelevering.

2. 7-arhall eller 9-arbane på nordsida av skulane.

Ei slik løysing føreset at skulevegen vert gjort om til blindveg frå to sider. Plasseringa gir enkel tilkomst for varelevering, utrykkingskøyretøy og brukarar. Hallen ligg i hovudsak nord for uteomhusområdet til skulane, og vil soleis ikkje gi dårlegare soltilhøve.

Området her er nokså trekkfult, noko hallen kan skjerme for. Plasseringa er midt i smørauga mellom skulane og folkehøgskulen, til skilnad frå den felles Eidahallen som ligg ved barneskulen og som ungdomsskulen opplever som mindre tilgjengeleg. Nærleiken til Eidahallen gir gode garderobefasilitetar.


Ei 9-arbane, utan hall, vil gi eit stort ope og tilgjengeleg område, men på den andre sida vil ikkje ei fotballbane gi skjerming for ver og vind. Ein hall kan delast inn i fleire speleflater ved hjelp av skiljeveggar og slik vera tilgjengeleg for fleire grupper samtidig. Speleflata får meir høveleg storlek for leik og spel i små grupper, til dømes i friminutta. Elevane ytra at dagens 11-arbane ikkje var ideel som speleflate i friminutta, då dei oftast spelte i mindre grupper og den store bana gjer spelet keisamt og stakkato, då ballane ofte kjem langt unna spelområdet.

3. 7-arhall eller 9-arbane på sørsvida av Eidahallen.

Ein 7-arhall med denne plasseringa vil forringe uteområdet til barneskulen monaleg. Plasseringa kverrsset ein stor del av uteområdet og redusere soltilhøva båfr på skuleområdet og naboane i aust.

Ei fotballbane i friluft vil ikkje redusere soltilhøva, men det vil heller ikkje betre kvaliteten på uteområdet då det er ei stor, einsarta flate med dekke som ikkje høver så godt til variert leik.

Elevar og lærarar ved barneskulen ytrar at dette er svært lite ønskjeleg, då det vil råke eit av dei få uteområda med terrengrulnadar og naturleg dekke rundt skulen. Fotballbandå det tilfører ikkje noko nytt til området, då det allereie er fleire ballflater med kunstgras kring



Teikning: Plasseringsalternativ for hall eller fotballbane. Skissa er eit utklypp frå teikning L-10-001, hallplassering.

barneskulen med meir attraktiv storlek enn ei open ballflate.

Elevar som ikkje er så interesserte i ballaktivitetar ytrar ønske om å få til noko anna i dette området, til dømes ei sykkelloype, og har allereie tankar om korleis den kan sjå ut.

4 og 5. Hall på sørsvida av hovudvegen, ved Kiwi

Ein hall i dette området har ikkje så god plassering med tanke på sambruk med området på nordsida av vegen. Vegen i seg sjølv, i lag med distanse, skapar ei barriere. I tillegg er dette ei kostbar løysing, spesielt med tanke på tomtekostnadar.

6. 7-arhall eller 9-arbane ved Svehaugen, aust for fjordhestsenteret.

Denne plasseringa ligg for langt vekk frå dagens skule- og idrettsområde, og vil ikkje tilfredsstille intensjonane kring auka sambruk av fasilitetar. I tillegg vil plasseringa legge føringar for vidareutvikling av området utan at det føreligg ein heilskapleg plan.

7.3. Tilråding

Ei plassering sentralt i området er positivt for sambruksmoglegheiter og opplevinga av felles tilgjenge. Noko som tek så stor del av området som både ein 7-arhall og ei 9-arbane gjer, på eit område med arealknappleik bør tilføre noko nytt og kvalitetsfremjande.

Etablering av ein 7-arhall slik som vist med plassering nummer 2 vil gi ei løysing som i sum er mest positiv for både skule og idrett:

Ballflata vil vera tilgjengeleg heile året, og gi le for ver og vind, både i skuletida og elles. Ungdomsskuleelevarne fortalte at dei ikkje er særleg mykje utandørs i friminutta, ein av grunnane til dette var surt og kaldt ver. Ein hall som kan delast inn i fleire delhallar kan romme fleire grupper samstundes.

8. Tiltrådd konsept

8.1. Oppsummering og tilråding

Føremålet med moglehetsstudien er å sjå på mogleheitene for utvikling av skule- og idrettsområdet, særskilt med tanke på trafikktryggleik, sambruk mellom skule og fritidsaktivitetar og plassering av tilleggsareal for fotball.

Fyrst og fremst vart det sett på trafikkavvikling, då tryggleik alltid er premiss for vidare arbeid og at busselskapet vil halde fram med skuleskyss. Som tidlegare skildra er det i hovudsak privatkjøring som er hovudproblemet med tanke på tryggleik, fyrst og fremst skyss og henting av skuleborn, men også at vegen vert nytta som gjennomfartsveg.

Behovet for ei betre skyss- og hent-løysing er tydeleg, men samstundes bør ein ikkje prioritere dette så høgt at det går utover borna sitt aktivitetsareal. Ein ser at til meir ein legg til rette for kjøring, til meir kjøring vert det. Med tanke på både trafikkavvikling, folkehelse og berekraft bør det leggjast til rette for at det er ein monaleg fordel å bruke sykkel, i staden for bil. I eit

folkehelseperspektiv er det positivt om ungdommane i større grad hadde vore utandørs og i aktivitet. Med busstopp nede ved Idrettshuset vil ungdommane kanskje kle seg meir etter veret, og kanskje aukar sannsynet for at dei tek seg ein tur ut i friminutta.

Ved å gjera vegen til blindveg unngår ein gjennomkjøring og det kan bli meir tidskrevjande å køyre borna heilt inn til skulen, slik kan ein auke attraktiviteten til skyss- og hent-plassane i utkanten av området. Det vil uansett vera mogleg med tilkomst for dei som ynskjer å følgje borna heilt inn, til dømes føresette til dei yngste borna på SFO.

Tilleggsflate for fotball er også premissjenvande for prosjektet, moglekeit for plassering av denne vart difor neste steg. Ballflata bør tilføre skule- og idrettsområdet noko nytt, ikkje berre auke arealet bor aktivitet dei allereie har tilstrekkeleg leggje beslag på eit variert aktivitetsareal med noko borna allereie har tilgjengeleg.

Store monotone flater er, i følgje den nemnde rapporten frå NMBU, ikkje kvalitetsfremjande for skulen sitt uteområde, men heller ikkje negativt som tilleggsareal. Med dette i bakhovudet såg me på korleis utomhusarealet kunne aukast, og kvar ballflata kunne plasserast utan å skape ei barriere eller oppstykking av skuleområdet. Som skildra i kapittelet om hallplassering spelte også tilkomst, klimatiske forhold på skuleplassen og sambruksmogleheter inn.

Med utgangspunkt i registreringar, medverknad frå tilsette og elevar, føringar frå kommunen og innspel busselskapet og teori er konseptet på følgjande skisse tilrådd.

Dette konseptet betrar trafikkavviklinga, gir plass til både arenabygg og fotballhall og tek samstundes vare på mogleheitene til å skape etterlengta sosiale soner, gode mellomromssoner og-aktivitetar.



9. Konseptval

9.1. Grunngjeving

Etter gjennomgang i prosjektgruppa av tilrådd konsept og førre revisjon av denne rapporten har det vore diskusjon kring val av løysing, og i kva grad ein er sameint om den.

Trafikktryggleik

Alle er einige om at trafikktryggleik står i høgsetet og ein premiss for utvikling av området. I det tilrådde konseptet var det gjort nokså store endringar på vegsystemet, der to rundkøyringar skulle ta imot trafikk frå kvar si side. Løysinga gav eit stort og samanhengande område mellom barne- og ungdomsskulen og folkehøgskulen, stort nok til å romme ein 7-arhall for fotball. Denne vegløysinga vil vera svært kostbar og vanskeleg å finansiere i nær framtid og vil setje bygging av hall på vent i ubestemt tid.

Dessutan kunne trafikkøysinga blitt ei utfordring med tanke på trafikktryggleik dersom bilistar ikkje kom til å respektere forbod mot innkøyring i skuletida mm.

Realistisk trafikkøysing

Å behalde dagens gjennomkøyringsveg er langt meir realistisk, både med tanke på kostnadar og tid. Det vil også gi idrettslaget meir føreseielege tilhøve med tanke på planlegging av ei eventuell bygging av fotballhall.

For ungdomsskulen er det framleis lagt opp til busstopp og skyss- og hent nede ved Idrettshuset, med lovleg inn- og utkøyring i vest. Også i aust vert det tillette inn og utkøyring i ytre del av vegen, for å sikre tilkomst til skyss- og hentparkering utan at ein treng å køyre gjennom heile skuleområdet.

Folkehøgskulen stiller areal tilgjengeleg for parkering. Det vert lagt opp til 12 parkeringsplassar øyremerket levering og henting på SFO, med maksimum 15 minutt parkeringstid. Også her er det både inn- og utkøyring frå aust. Elles vil Skulevegen vera einvegskøyrd. I skule- og SFO-tid bør Skulevegen vera stengd for gjennomkøyring.

Det vert også moglegheit for fleire parkeringsplassar på folkehøgskulen sitt areal, dersom behov.

Buss for barneskuleborna skal framleis køyre gjennom Skulevegen og ha busshaldeplass like ved barneskulen.

Plassering av fotballhall

Dersom ein skal halde på eksisterande vegsystem er det vanskeleg å få plass til ein fotballhall andre stader enn sør for Eidahallen. Under kommunestyremøtet 13. desember 2024 kom det spørsmål kring moglegheit for opphold på tak. Med tanke på arealknappheit er uteområde/opphold på tak gunstig. I kapittel 7.1 er ulike hallplasseringar vurdert. Mellom anna ei løysing med delvis nedgravd hall og opphold på tak, i samband med ungdomsskulen sitt uteområde. Denne løysinga vart forkasta på grunn av økonomi, då takkonstruksjonar i slike bygg er meir kostbare. Særskilt når konstruksjonen må strekkje seg heile vegen over fotballbana, utan søyler.

Tryggleik i anleggsfasen

Ved plassering av fotballhall sør for Eidahallen ligg tilhøva til rette for trygg anleggsavvikling. Hallen vil ligge i utkanten av skuleområdet og det vil vera enkel tilkomst frå veg og gangveg i sør.

Uteområde ved skulane

Det er semje i prosjektgruppa om at utearealet som går med til ev. bygging av fotballhall må erstattast ein annan stad innanfor skule- og idrettsområdet, og ha gode kvalitetar som uteområde for skuleborn. Samt at nytt areal står klart før bygging av fotballhall kan byrje.

Det er vidare semje om at dette må fastsetjast i reguleringsplan ved bruk av rekkefølgjekrav.

Detaljregulering

Dagens reguleringsplan er frå 1970-talet. Ved tiltak i området er det forventa at det vert utarbeida ny reguleringsplan, på detaljnivå.

Grunntilhøva i skule- og idrettsområdet har vore mykje diskutert, i fleire fora. Det må gjerast grunnundersøkingar i arbeidet med ei detaljregulering. Då vil ein få avklart om det er mogleg å bygge fotballhall der det no er føreslege. Desse grunnundersøkingane vil også kunne gi ein peikepinn på om det kan vera aktuelt å bygge i høgda, ved ei eventuell utviding av barneskulen.

Skisse

På neste side er det ei skisse over området, nummerert L10-004-J03, datert 2024.12.19. Denne skildrar konseptet på eit overordna nivå. Detaljar kring leikeapparat, og liknande, er teikna inn for å vise moglegheiter og for å danne eit bilet av storleikar i uteområda.

Skissa er også vedlagt rapporten i større format
L10-004-J03

Samt ein versjon med kartbakgrunn
L10-005-J01



TEIKNFORKLARING

	Eksisterande ballbinge/fotballbane
	Eksisterande bygg
	Trafikkareal
■■■■■	Parkeringsplass
	Nytt bygg
	Tilgjengeleg oppholdsareal/ skuleplass/vegetasjon
	Sand
■■■■■	Tre: Platting, trapp ol.

Benk, sitteplass

Leik, aktivitet

Leik, aktivitet

Huske

Mogleg snarveg

Ganglinjer, tilkomst

Ganglinjer, interne

Sykkelloype/treningsløype

Eideomsgrense

Terrenglinjer, nye

Eksisterande tre

Tre, busker




J03	2024-12-19	Justeringer til sluttrapport	JohHau	GoHLo	AK
J02	2024-11-28	For bruk: Justert tekst og dimensjoner. Farge eks. ballbinge	JohHau	GoHLo	AK
D01	2024-11-26	For godkjennelse hos oppdragsgiver	JohHau		
Rev.	Date	Beskrivelse	Utanleidet	Fagkontroll	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult som del av det oppdraget som fremgår nedenfor. Oppdraget tilhører Norconsult. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsgivaren beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilser.

Stad kommune Målestokk (glede A1)
1:1000

Sambruk skule og idrett
Konseptval
Eksisterande gjennomkjøringsveg med restriksjonar
Parkeringsplassar fjerna/flytta

Norconsult Oppdragsnummer 52204109 Tegningsnummer L-10-004 Rev. J03



10. Bakgrunnsstoff

10.1. Anlegg å sjå til

Gol pumptrack og Hallingmo stisenter

Pumptrack og stinnettverk i tilknyting til idrettsanlegg i Gol sentrum.

Sjå: <https://www.rides.no/gol>

Marikollparken, Rælingen kommune

Eit aktivitetsanlegg med ein kombinasjon av tradisjonelle idrettsarenaar og tilrettelegging for eigenorganisert aktivitet.

Sjå: <https://tverga.no/inspirerende-anlegg-marikollparken/>

Strandpromenaden aktivitetspark, Kongsvinger

AKtivitetspark og populær møteplass for folk i alle aldrar.

Førebileteanlegg

<https://www.godeidrettsanlegg.no/alle-forbildeanlegg>

10.2. Vidare lesing

<https://badparkidrett.no/wp-content/uploads/2022/11/14.00-Kjersti-Smedsrud.pdf>

<https://www.godeidrettsanlegg.no/publikasjon/fasiliteters-betydning-unges-idrettsdeltakelse-og-opplevelser-i-idretten>

Tverga

Tverga er ein organisasjon som veger kommunar og frivillige i utvikling av arenaar for eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet, gratis, på oppdrag frå Kulturdepartementet.

- Tvergas suksessoppskrift

<https://tverga.no/veileder/en-morsom-omvei/prosessveileder/tvergas-suksessoppskrift/>

- Sats meir på jentene

Undersøkingar viser at det er langt fleire gutter enn jenter som nyttar anlegg som er planlagde for eigenorganisert aktivitet.

Sjå: <https://tverga.no/tverga-verktokasse-skolegard/sats-mer-pa-jentene/>

(Seippel, 2005; Ødegård, Bakken & Strandbu, 2016).

Sterkere tilbake

– En mer inkluderende idrett. Kulturdepartementet 2021

Frifot- skolens idrettsplass. Kulturdepartementet 2019

Kunnskapsportalen for idretts- og nærmiljøanlegg

Sjå: <https://www.godeidrettsanlegg.no/>

<https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/nyskapande-aktivitetsanlegg/>

Drøn på skolegården. Inspiration fra syv demonstrationsprosjekter, som viser nye veje til aktive skolegårde

Norconsult er Norges største og en av de ledende tverrfaglige rådgiverbedriftene i Norden, med virksomhet som spenner over flere verdensdeler. Våre tjenester er rettet mot samfunnsplanlegging, prosjektering og arkitektur. Norconsult er engasjert i prosjekter innen bygg og eiendom, samferdsel, energi, industri, vann og avløp, olje og gass, miljø, plan, arkitektur, sikkerhet og IT.

J-03	2024-12-19	Rapport konseptval	JohHau	AK	AK
J-02	2024-06-05	Rapport moglegheitsstudie	JohHau	GoHLo	AK
B-01	2024-05-29	Rapport moglegheitsstudie, førebels.	JohHau		
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontroll	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavrets tilhører Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikke kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.